



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2108 - 16/17636

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
14.09.2016

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad gbnr 27/24, 33

### Administrativt vedtak. Saknr: 306/2016

**Tiltakshavar:** Gunnar Bergesen  
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS  
**Søknadstype:** Søknad om utsleppløyve frå fritidsbustad

#### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 19.08.2016 og supplerande dokumentasjon, journalført 13.09.2016, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på Moldekleiv. Utsleppet skal gå via ein 4 m<sup>3</sup> slamavskiljar og derfrå i tett leidning til tidlegare etablert private avlaupsleidning som går ut i sjø. Det ligg føre erklæring frå eigar av den private avlaupsleidningen som gjev eigedomen gbnr 27/24,33 rett til dette. Slamavslikjaren skal plasserast i samsvar med motteke situasjonskart.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 27/2 som gjev eigedomen gbnr 27/24,33 løyve til å leggja leidning over privat grunn.

#### Vurdering:

Utsleppsløyvinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

#### Plan:

Eigedomen er i kommuneplanen for Meland vist som LNF-spreidd fritidsbustad. Tiltaket er ikkje i strid med kommuneplanen sin arealdel for Meland.

#### Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla 16.08.2016. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart , journalført 13.08.2016.

Ansvarsrettar:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Stendal VVS, org.nr. 980626180, for SØK, PRO og UTF , for kopling av slamavskiljar og inn på eksisterande leidning til sjø.

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Stein Olav Sagstad, org.nr. 9767683337, for terrengarbeid og graving.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av for urensing» sin § 12- utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på gbnr 27/24,33, i samsvar med søknad journalført 19.08.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 13.09.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 4m<sup>3</sup> av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, jf pbl § 23-3.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Scan\_\_20160913\_101840

**Kopi til:**

Gunnar Bergesen

Drageneset 47

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND